

**Lihkku beivviin!
Vuorbbe biejjijn!
Læhkoeh biejjine!**



sv.no/bli-medlem

Til lukke med dagen!

6. februar feirar vi den samiske nasjonaldagen. Dagen blir feira med kaker og song, og er for mange ein viktig festdag. Samtidig er dagen ei markering for å minnast det store politiske samemøtet som fann stad i Tråante/Trondheim i 1917. Her samla samar seg på tvers av landegrenser for å løfte felles utfordringar knytt til mellom anna vern av reindrifta og fornorskingspolitikken, og for å organisere seg for å kome desse utfordringane i møte. Dette møtet er det viktige historiske bakteppet for kvifor vi samlast til feiring i dag, og ein viktig grunn til kvifor også gode allierte markerer dagen.

Som 2023 tydeleg har vist, også til dei av oss som er utanfor det samiske samfunnet, er det mange kampar knytt til å vere samisk. Kamp for å ta vare på språk og kultur, og kamp mot krefter som trugar dei. Til og med kamp for at staten skal etterleve ein dom avsagt i Høgsterett. Ein kamp som fortsatt er uavklart. Når eit folk står i mange kampar, blir feiringar som 6. februar viktige pusterom. Og for majoritetssamfunnet; eit viktig høve til å vise si støtte. SV er som politisk parti bygd på den radikale, folkelege tradisjonen og kampar som har bore fram det norske demokratiet og velferdsstaten. Den samiske rettskampen er på den måten ein del av det politiske prosjektet vårt. Vi gratulerer hjarteleg med nasjonaldagen!

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

